

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Innsendar

Eg sender inn på vegne av

Org.nr. 963989202

Namn på kommune STRYN KOMMUNE

Adresse Tonninggata 4

Postnummer/-stad 6783 Stryn

Kontaktperson

Namn Jon Nesje

Telefon 95034140

E-post jon.nesje@stryn.kommune.no

Innspiel

Politisk vedtak	Då vi ikke rakk politisk møte før fristen, vart denne saka handsama politisk gjennom epost distribusjon og tilbakemelding. Saka blir ført opp som orienteringssak komande formannskapsmøte og kommunestyremøte.
------------------------	--

Utfyllende Høyringsinnspel frå Stryn kommune

Stryn kommune viser til høyring av planprogrammet for «Regional plan for verdiskaping og kompetanse» og takkar for høvet til å kome med innspel. Vi støttar intensjonen om å samle fleire sektorvise planar i ein heilskapleg og strategisk regional plan, og ser positivt på at planen skal vere eit verktøy for berekraftig samfunnsutvikling i heile Vestland.

Samtidig ønskjer vi å spele inn følgjande synspunkt og behov, sett i lys av vår eigen samfunnsplan «Fagre Stryn 2.0»:

1. Behov for lokal tilpassing og differensiering

Tek høgde for ulike føresetnader i by og land.

Opnar for fleksible løysingar som kan tilpassast lokale behov og ressursar.

Sikrar at distriktskommunar får reell påverknad i oppfølging og prioriteringar.

2. Kompetanse og rekruttering i distrikta

Tiltak som styrkar rekruttering og busetjing i distrikta.

Støtte til fleksible og desentraliserte utdanningstilbod.

Validering av uformell kompetanse og betre overgangar mellom utdanning og arbeid.

3. Grønt og innovativt næringsliv

Prioriterer støtte til grøn omstilling i små og mellomstore bedrifter.

Fremjar sirkulærøkonomi og lokal verdiskaping.

Sikrar tilgang til næringsareal og infrastruktur i distrikta.

4. Natur, klima og beredskap

Balanserer utvikling og vern, og tek omsyn til naturens bereevne.

Støttar klimatilpassing og lokal beredskap.

Fremjar lokal matproduksjon som klimatiltak og beredskapstiltak.

5. Digitalisering og infrastruktur

Prioriterer utbygging av digital infrastruktur i distrikta.

Fremjar digital kompetanse og innovasjon i offentleg sektor og næringsliv.

6. Medverknad og forankring

Den regionale planen byggjer vidare på lokale planar og medverknadsprosessar.

Kommunane vert tett involverte i utforming av mål, strategiar og handlingsprogram.

7. Støtte til høyringsinnspel frå Region Fjordane

Vektlegginga av kraft, kapital og kompetanse som avgjerande faktorar for utvikling.

Behovet for desentraliserte og fleksible utdanningstilbod.

At fylkeskommunen må vere ein tydeleg regional pådrivar og samordnar.

At planen må ta omsyn til variasjonane mellom by, tettstad og distriktskommune.

Stryn kommune ser fram til vidare samarbeid om utviklinga av ein regional plan som styrkar både fellesskap og lokal handlekraft. Vi ønskjer å bidra aktivt i det vidare planarbeidet.

Vedlegg

Opplastet

Dokumenttittel	Filnavn	Størrelse
Saksutredning		NaN MB

Relevante lenker